

Kulturskulen i Solund sine retningslinjer for elevane

Søknad.

Søknaden er ei påmelding, med ein angrefrist på 2 veker etter melding om opptak.

Påmeldinga er bindande.

Utmelding

Ynskjer eleven å slutte, må den føresette sende inn skriftleg utmelding, eller [e-post](#) innan 1.mai, eller 1. desember, for å sleppe å betale fullt ut for det påfølgjande semesteret.

Det er ikkje nok å gje beskjed til ein lærar.

Utstyr

Eleven må ha tilgang til utstyr og lokale til å kunne øve regelmessig.

Kulturskulen har nokre få instrument til utleige, men elevane må som regel vere budde på å skaffe seg instrument sjølve.

Læremiddel

Eleven må kjøpe høvelege læremiddel (bøker, CD, DVD, etc) til aktiviteten.

Frammøte.

Eleven møter vel budd og i god tid til timane

Heimeøving

- er heilt avgjerande for at aktiviteten skal lukkast, og at eleven får framgang.

Meld frå når du ikkje kan kome, då vert alle så glad

